| Journalnr | 24-April-2015 |
|---|---|
| 201516 | |

| Oppdragsnr |
|---|
| 2014038 |

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

## Matrikkeletat

| Kommune | K.nr | Adresse | Postnr | Poststad |
|---|---|---|---|---|
| Meland kommune | 1256 | PB. 79 | 5906 | Frekhaug |

## Matrikkeleining

| Gateadresse | Gnr | Bnr | Fnr | Snr | Registrert eigar/festar |
|---|---|---|---|---|---|
| Moldekleiv 31 med flere | 27 | 18 | 0 | 0 | MOLDEKLEIV ANNE KARIN (Hjemmelshaver) |

## Om oppmålingsforretninga

| Forretninga avvikla: | Dato | Kl | Stad |
|---|---|---|---|
| | 02.02.2015 | 10.00 | På parsellen |

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

☐ Grunneigedom ☐ Festegrunn ☐ Anleggseigedom ☐ Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

[X] Grensejustering ☐ Klarlegging av eksisterande grense ☐ Nymerking av eksisterande grense ☐ Registrering av ureg. jordsameige ☐ Matrikulering av umatrikulert grunn

☐ Arealoverføring ☐ Anna

Forklaring

Grensejustering mellom 27/18 og 27/138.

| Saks-behandling | Løyvedato | Dato for fullstendig rekvisisjon | Pårekna dato for fullført matrikulering |
|---|---|---|---|
| | | | |

| Rekvirent | Rekvisisjonsdato |
|---|---|
| MOLDEKLEIV ANNE KARIN | 16.12.2014 |

## Habilitet

Landmålaren sitt namn

Per Atle Sæle

☐ Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilite

[X] Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? [X] Nei ☐ Ja (jfr. vedlegg)

## Varsling og oppmøte

Varselet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Det er ikkje sendt ut skriftleg innkalling til grensejusteringa, men alle partane som møtte på oppmålingsforretning på 27/86 02.02.15 møtte, med unntak av eigar av 27/86.

## Saksdokument - bakgrunn for forretninga

| | Forklaring | Journalpost nr | Vedlegg nr | Urelevant |
|---|---|---|---|---|
| Søknad etter pbl | | | | X |
| Vedtak (tillatelse) etter pbl | | | | X |
| Rekvisisjon av oppmålingsforretning | | | | X |
| Varsel om oppmålingsforretning | | | | X |
| Situasjonskart og situasjonsplan | | | | X |
| Konsesjonsdokument | | | | X |
| Servitutt | | | | X |
| Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter | | | | X |
| Avtaler | | | | X |

| Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtalar, skilsdom, påstandar frå partane m.m. | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Pkt.nr | Type merke | Status | Punkt godkj. av partane | Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.) | Skilsdom/forlik (journalpost/ |
| 138-4 | Murhjørne<br>Nedsatt i: | | | | |
| 138-5 | Murhjørne<br>Nedsatt i: | | | | |
| 138-6 | Murhjørne<br>Nedsatt i: | | | | |
| 138-7 | Murhjørne<br>Nedsatt i: | | | | |
| 138-8 | Murhjørne<br>Nedsatt i: | | | | |
| QP1 | Offentlig godkjent grensemerke<br>Nedsatt i: | | | | |
| QP2 | Nedsatt i: | | | | |

## Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikul[...] tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av 27/18 og eigar av 27/138 har 16.12.2014 søkt om arealoverføring av omlag 150 m2 frå 27/18 til 27/138.

I etterkant av oppmålingsforretning på 27/86 som vart halde 02.02.2015 har eigar av 27/138 bede om at søknaden vert endra frå arealoverføring til grensejustering.

Partane som møtte på oppmålingsforretning på 27/86 var samde om å sjå på grensa mellom 27/138, 27/18, 27/1 og 27/170. Følgjande var med: Anne Karin Moldekleiv (27/18), Kari Hammersvik (27/1) Linda Folkestad (27/170). Alf Helge Moldekleiv (27/138) kom kl 1015.

Eigar av 27/1 og 27/170 hadde i samband med nabovarsling av søknaden, kome med merknader om grensa mellom desse eigedomane.
Gnr 27 bnr 138 er frådelt frå bnr 86 i 1989. Ved kartforretninga som vart halden 27.02.1989 vart to merkesteinar i grensa mot bnr 1 påvist. Vidare var partane samde om at eksisterande gjerdestolpar (27138B, C og D) skulle utgjera grensa mellom 27/1 og den nye parsellen 27/138.
Kopi av underskirven protokoll frå 1989 vart sendt ut saman med innkallinga til oppmålingsforretninga på 27/86.

Meland kommune legg til grunn grensene mellom 27/1, 27/18 og 27/138 som vart godkjent i 1989 av dåverande eigarar. Dersom eigar av 27/1 og eigar av 27/170 ønskjer å få endra grensa, må dei kreva sak for jordskifteretten eller dei ordinære domstolane.

Grensa mellom 27/1, 27/18, 27/138 og 27/170 vart påvist med spraymerke i gjerde 1, 63 m frå murkant. Det var i dette punktet den gamle merkesteinen på 27/86 stod. Kommunen har målt inn ytterkant mur på nordsida av 27/138 der det er oppført stakittgjerde. Arealet utgjer 39,1 m2.

Det er to hovudvilkår som må vera oppfylt for at kommunen kan gjennomføra saka som grensejustering:
1: Arealet som skal justerast må ikkje overstiga 5 % av den minste eigedomen
2: Verdien av arealet som skal justerast, må ikkje overstiga grunnbeløpet i folketrygda (kr 88 370).

27/138 har i dag eit areal på 871 m2 før arealoverføringa frå 27/86. 39,1 m2 tillegg frå 27/18 utgjer omlag 4,5%. Verdien av det justerte arealet er slik styrar vurderar det , langt under vilkår nr. 2. Kommunen vil difor kunna gjennomføra saka som grensejustering.

Før kommunen kan matrikkelføra grensejusteringa. må eigar av 27/18 og 27/138 godkjenna grensejusteringa med underskrift på protokollen og returnera til kommunen. Grensejusteringa skal ikkje tinglysast, men partane må vera samde om oppgjer for det justerte arealet.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS og tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga. Klagefristen er tre veker.

..........................................................................................

Eigar av gnr 27 bnr 18 og eigar av gnr 27 bnr 138 godkjenner med dette grensejusteringa mellom dei to eigedomane:

Anne Karin Moldekleiv. [signature] FREKA INVEST AS

Eigar av gnr 27 bnr 18 Eigar av gnr 27 bnr 138

| Sted | Dato | Underskrift |
| --- | --- | --- |
| Frekhaug | 05.02.2015 | [signature] |

# Kartvedlegg til protokoll for oppmålingsforretning

Eigedom
27/18

Rekvirent
MOLDEKLEIV ANNE KARIN

Meland kommune

| Saks nr | Oppdragnr |
|---|---|
| 201516 | 2014038 |
| Forretningsdato | Landmålar |
| 2/2/2015 | Per Atle Sæle |

Målestokk 1:500

Beskriving/avtalar:

